

# Opa julekyrkje

## 2020



# Opa julekyrkje

## 2020

## Innhald

«Opa julekyrkje 2020» .....	2
Innleiing .....	2
Smittevern .....	3
Samarbeid.....	3
Tenn lys! .....	3
<b>1. Julevandringar ute .....</b>	<b>4</b>
Førebuing i barnehagen/skulen/heimen: .....	4
Dei ulike stasjonane.....	5
Slik kan du byggje ut vandringa: .....	6
<b>2. Opa julekyrkje i adventstida .....</b>	<b>7</b>
Opa kyrkje.....	7
Utandørs juletre .....	8
Slik kan du byggje ut «Opa julekyrkje» utandørs i adventstida: .....	10
<b>3. Julaftan .....</b>	<b>11</b>
Ramme for utandørs gudsteneste julaftan... ..	11
Forslag til forkorta liturgi for gudsteneste julaftan .....	12
<b>4. Julaftan heime .....</b>	<b>14</b>
Fleire tips for advents- og juletida: .....	14
<b>Vedlegg:</b>	
• Hefte julaftan heime	
• Plakat for postar til opa kyrkje og utandørs juletre	

## Innleiing

Korleis kan kyrkja vere tilgjengeleg når vi ikkje kan møte kvarandre på vanleg måte?

Det er ei utfordring mange allereie har tenkt på og planlagt for i den tida som ligg framfor oss. Når mange av dei vanlege måtene å samlast på blir avlyste eller avgrensa, blir kyrkjelydane utfordra på å vere kyrkje på nye måtar.

I eit år der både store og små kan ha kjent på utryggleik, uvisse, skuffelsar og einsemd, kan opne og tilgjengelege kyrkjer utgjere ein forskjell for menneske i ei krevjande tid. Kyrkjene er viktige signalbygg mange stader, og for mange representerer kyrkjebygget håp og trøyst. Veldig mange er normalt innom ei kyrkje i advents- og juletida. Sjølv om vi ikkje kan møtast slik vi er vane med, er ei kyrkje som er tilstades for folk særleg viktig i den tida vi no er inne i. Nokre kyrkjelydar har alle planane klare, andre treng nokre fleire idear og inspirasjon.

Ressursane i «Opa julekyrkje» er meint å vere til bruk for dei som treng det – dei kan nyttast slik dei er, forenklast eller dei kan utvidast ut frå den lokale situasjonen. Ressursane tek utgangspunkt i tre opplegg utandørs og i høve opa kyrkje, samt eit hefte som handlar om å feire julaftan heime når det ikkje er mogleg å gå på gudsteneste. Mange kyrkjelydar har god kompetanse på å vere kyrkje på nett. Vi vil oppmuntre kyrkjelydane til framleis å vere til stades som kyrkje på nett, særleg no i advents- og juletida.

# Smittevern

Alle arrangement må gjennomførast i tråd med smitterettleiaren til Den norske kyrkja og særskild notat for desember. Oppdatert smittevernrettleiar, praktiske råd og tilrådingar rundt handteringa av korona-situasjonen finn du på

[www.kyrkja.no/korona](http://www.kyrkja.no/korona)

# Samarbeid

Kyrkjekvardagen ser ulik ut på ulike stader i Noreg. Uansett kva for ressursar som finst lokalt, er denne tida eit høve til å etablere samarbeid, både mellom tilsette, sokneråd og friviljuge, men også andre samarbeidspartnarar.

**Kva form for samarbeid kan skje med kommunen?**

**Kva for barne- og ungdomsorganisasjonar er det naturleg å samarbeide med?**

Kvart år oppsøker over ein halv million menneske julegudstenester i Den norske kyrkja. Jula er viktig for kyrkja og for heile samfunnet, og i år kan utandørs samlingar vere det beste alternativet mange stader. Fleire kommunar

har utandørs scener, lyd- og lysutstyr ein kan låne eller leige til korte utandørs gudstenester. Ta gjerne kontakt med kommunen for å finne ut korleis de kan samarbeide for at folk skal få ei best mogleg julefeiring. For å kunne ta vare på den rike tradisjonen rundt advent- og julesalmar samt julekonsertar, kan ulike aktørar som ei gruppe frå kor og korps, solistar med fleire vere moglege samarbeidspartnarar. Bruk lokalavisa og dei informasjonskanalane som er mogleg hos dykk slik at informasjonen om tilboda når ut til flest mogleg.

# «Tenn lys!»

– oppfordrar helseminister Bent Høie.

Det er vi gode på i kyrkja heile året, og særleg i adventstida. Å leggje til rette for lystenning både ved opa kyrkje, men også ved samlingar utandørs er ei sterk symbolhandling både for menneska som deltek, men også for dei som ikke deltek. Der kyrkja har ein kyrkjegard vil lysa frå gravene vere synlege.



I tillegg kan tende faklar, lykter og opplyste kyrkjebygg, julekrubber og juletre spreie lys i mørkret i dei komande vekene. På den mørkaste dagen i året, 21. desember, kan de støtte opp om arrangementet «Heile Noreg tenner lys». Følg med på Den norske kyrkja sine Facebooksider og heimesider.



# Julevandringar ute

Julevandringar kan skje ute ved kyrkja dersom plassering og kyrkjetomt tillet dette. Dersom det ikke er mogleg kan ei julevandring skje ved ein park eller anna friluftsområde, ein gapahuk, ved friluftsområde knytt til barnehagen eller skulen osv. Vandringar kan leggjast til rette for alle aldersgrupper, og kan vere eit tilbod til barnehagar og skular. Vandringane kan også gå føre seg innanfor trusopplæring for barn og unge, og elles vere opne for familiar og andre interesserte i soknet. Målet er at vandringane gir eit møte med innhaldet og budskapet i jula.



For barnehagar og skular kan det vere kjærkome å få en invitasjon til eit koronavennleg arrangement. Invitér barnehage og skule til vandringar ute ved kyrkja, eventuelt delvis inne i kyrkja. Lokalt smittetrykk og ressursar lokalt avgjer kva som er mogleg å få til. Mange stader er det gangavstand til kyrkja, andre stader må barna køyrast til kyrkja. Tilsette i barnehage/skule må organisere barna i grupper/kohortar som tek vare på krava til smittevern. Det er likevel den kyrkjelyden som inviterer som er arrangør, og som må sørge for at smittevernet blir teke hand om. Det hyggjeleg å leggje til rette for at barna kan ete matpakke, dersom dette er mogleg. Det mest koronavennlege er at barna sjølve tek med matpakke og drikke.

## Førebuing i barnehage/skule/i heimen:

- Barna kan lage julepynt som dei tek med til kyrkja.
- Barna kan ta med ei innpakka julegåve som dei kan få leggje under juletreet ved kyrkja. Gåvene blir gitt til dei som treng det.
- Barna kan på førehand øve på salmane som blir brukte. Tilby gjerne å kome til barnehagen/skulen for å øve med dei dersom det er mogleg

# De ulike stasjonane:

## Stasjon 1

### Vandringa

**Stad:**

Ved barnehagen/skulen/i heimen.

**Innhald/tekst:**

Bodskapen til Maria frå Luk 1,26-38, og reisa frå Nasaret til Betlehem frå Luk 2,1-5.

**Formidling:**

Barnehagelærer/lærer eller tilsett frå kyrkja som reiser til barnehagen/skulen, fortel om Maria som blir gravid, og om reisa til Betlehem.

**Aktivitet:**

Barna førebur seg også på å reise til kyrkja. Pakkar tursekken sin og har med matpakke og drikke. Barna kan også førebu seg ved å lage julepynt til juletreet i kyrkja, og eventuelt ved å ta med ei innpakka julegåve til å leggje under juletreet.

## Stasjon 2

### Ved Betlehem

**Stad:**

Ved porten/inngangen til kyrkja.

**Innhald/tekst:**

Plakat med tekst og eit bilete frå Maria og Josef si reise. Luk 2,1-5.

**Formidling:**

Ein tilsett eller friviljug frå kyrkjelyden er forteljar, og møter barna ved porten. Teksten blir lesen høgt eller fortalt med eigne ord. Det er også mogleg å leggje opp til ein samtale med barna om korleis dei ser for seg at reisa til Maria og Josef var.

**Aktivitet:**

Barna lyttar, og deltek i samtalen dersom det ligg til rette for det.

## Stasjon 3

### Hyrdane på marka

**Stad:**

Ved ein open plass. Lag ein lysinstallasjon / eit bål ved å bruke lykter, faklar og vedkubbar. Legg gjerne også til rette med saueskinn.

**Innhald/tekst:**

Luk 2,8-16.

**Formidling:**

Forteljar les bibelteksten eller fortel med eigne ord.

**Aktivitet:**

Syngje julesangen Eg er så glad kvar julekveld, vers 1. (Alder på barna er avgjerande for kor mange vers ein syng, og om ein lagar sangark).

*Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd, då lyste stjerna som ei sol, og englar song så søtt.*

## Stasjon 4

### Jesus blir født

**Stad:**

Ved ein open plass. Lag ei julekrubbe. Dette kan du gjere ved å ta med ei julekrubbe ut, eller heilt enkelt ved å pakke inn ei dokke i eit klede/pledd.

**Innhald/tekst:**

Luk 2,6-7.

**Formidling:**

Forteljar les bibelteksten eller fortel med eigne ord.

**Aktivitet:**

Syngje julesalmen Eit barn er fødd i Betlehem. (Alder på barna er avgjerande for kor mange vers ein syng, og om ein lagar sangark).

*Eit barn er fødd i Betlehem, i Betlehem, no gleder seg Jerusalem. Halleluja, halleluja!*

## Stasjon 5

# Juletreet

### Stad:

Ved juletreet ute eller inne

### Innhald:

Om historia bak juletreet og julepynten, sjå detaljar under «Opa kyrkje og/eller utandørs juletre».

### Formidling:

Fortel om julelekkja som symbol på fellesskap, og om julekula som symbol på jordkloda. I ei tid der korona-pandemien truar alle menneske, er det fint å formidle at menneska ikkje berre lever for seg sjølve, men er ein del av eit større fellesskap som strekk seg over heile verda.

### Aktivitet:

Barna får henge opp julepynt som dei har laga sjølve. Barna kan også gi frå seg ei innpakka julegåve til trengjande. Gåvene kan leggjast under juletreet.

### Song:

Du grønne, glitrende tre, god dag. (Syng gjerne alle tre versa. Tekstark kan vere naudsynt, fordi denne salmen kan vere ukjent for mange).

## Stasjon 6

# Måltid

Ved bålpass/gapahuk eller ved ei bålpanne. Den einskilde tek med matpakke og drikke til seg sjølv.

## Slik kan du byggje ut vandringa:

Ei vandring ute kan gjennomførast med relativt lite mannskap. I utgangspunktet kan vandringa gjennomførast ved at ein person følgjer gruppa gjennom dei ulike stasjonane. For at vandringa skal bli vellukka, er det heilt avgjerande med god praktisk tilrettelegging på førehand. Det er sjølvsagt mogleg å førebu og utvide vandringa ved å ha folk på plass på kvar av stasjonane, og å bruke kostymer.

Ressursane lokalt avgjer kva som er mogleg å få til. Her er nokre tips og idéar til gjennomføringa:

1. Ein person tek imot ved porten, og fungerer som ein forteljar/vert som følgjer gruppa gjennom alle stasjonane. Eit forteljargrep er å ta med ein liten forteljarstol, som markerer når verten skal fortelje ved postane.
2. Alle postane kan betenast av tilsette/friviljuge. Bruk gjerne enkle kostymer. Desse tek i mot barna og er forteljarar.
3. Rekvisittar. Det er mogleg å gjennomføre vandringa både med og utan rekvisittar. Her er det ordtaket «det enkle er ofte det beste» som gjeld. Bruk til dømes litt halm eller høy, ei dokke og eit klede for å markere julekrubba. Nokre vedkubbar eller faklar blir raskt til ei grue som markerer staden der gjetarane passa sauene sine.

# Opa julekyrkje i adventstida

Å være ei opa julekyrkje kan handle om både å opne kyrkjebygget, men også om å leggje til rette for møtestader utandørs – gjerne i kombinasjon. Dei fleste kyrkjene har eit juletre inne, men i år kan det vere gode grunnar til å setje opp eit juletre også utanfor kyrkja. For å ha høve til å bemanne ei opa julekyrkje med tilsette og friviljuge kan ein annonsere eit tidspunkt på dei søndagane i advent der det allereie skal vere/skulle ha vore gudstenestefeiring, julekonsertar med meir. Det er utarbeidd forslag til ulike postar både ute og inne som kan byggjast ut eller tilpassast dei lokale tilhøva.

## Opa kyrkje

Å halde kyrkjene opne for lystenning og stille kan bidra til både oppmuntring og trøyst. Når det nærmar seg jul kan det vere ekstra fint å få besøke ei julepynta kyrkje. Legg gjerne til rette med ulike «stasjonar» inne, og lag plakatar med meningsfulle og gode tekstar og bilete. Mange kyrkjer inneheld spanande kyrkjekunst. Det er sannsynleg at Maria med barnet er framstilt ein eller annan stad inne i kyrkja.

Her følger forslag til nokre stasjonar som er mogleg å få til med relativt små ressursar.

Det er også laga forslag til plakatar som du kan skrive ut og laminere. Tekstane er enkle, slik at også barn kan lese og forstå. Bileta kan også få tale for seg sjølve.

## Forslag til stasjonar:

### 1. Juletre

- Pynt eit juletre med hjarte, englar, julekuler, julelekkjer, julestjerne og julelys.
- Lag plakat om symbolikken i juletre og julepynt.
- Juletre kan gjerne setjast opp både inne og ute.

### 2. Julekrubbe

- Lag ei julekrubbe-utstilling og/eller sett ut den faste julekrubba. Folk i kyrkjelyden kan inviterast til å låne ut ei julekrubbe til utstillinga. Invitér gjerne barn til å teikne eller lage julekrubbe til utstillinga.
- Lag plakat om julekrubba og juleevangeliet (Lukas 12).

### 3. Tenn lys

- Legg til rette for lystenning. Lysglobe eller «sandkasse» med te-lys. NB! Hugs rutiner rundt smittevern ved lystenning.
- Lag plakat med songen «Tenn lys» og om Jesus som verdsens lys, Joh 8,12.

### 4. Bønekrukke

- Sett fram ei bønekrukke. Legg til rette for at ein kan skrive bønelappar og leggje i krukka.  
*NB! Hugs rutiner rundt smittevern ved bruk av papir og penn. Oppfordre gjerne folk til å skrive bønelappar heime, som kan leggjast i krukka. Bønene blir samla inn, og prest/diakon/gudstenestemedhjelpar/friviljug tek bønene med inn i gudstenester eller andre samlingar.*
- Lag plakat med Vår Far.

### 5. Å gi!

- Legg til rette for at det er mogleg å levere julegåver (innpakka og merka med alder/gutt/jente osv.). Julegåvene kan ein leggje under juletreet i kyrkja. Opprett samarbeid med Røde kors, Frelsesarmeen, Kirkens bymisjon, eller annan institusjon som kan sørge for at gåvene blir delte ut til trengjande.
- Legg til rette for at det er mogleg å gi ei gåve til Kirkens Nødhjelp eller kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt (– legg ved vipps/kontonummer). Lag gjerne ei «utstilling» over prosjektet, med bilete og informasjon over kva midlane vil gå til. Organisasjonane har tilgang på materiell til kyrkjelydane.
- Lag ein plakat med bilete av dei tre vise menn som kom med gåver til Jesus. Bruk bibelteksten frå Matt 2,1-12.

### 6. Kyrkjerommet og kyrkjekunsten

- Lag gjerne ein stasjon eller fleire med utgangspunkt i kunsten i kyrkja. Mange har til dømes bilete av Maria og barnet, på veggen, på altertavla/alterskåpet eller i anna kyrkjekunst. Dette kan vere eit fint høve til å rette merksemda mot lokal kyrkjekunst.



# Utandørs juletre



Å setje opp eit juletre utandørs gir mange moglegheiter. Den rike symbolikken i juletrepynt er eit godt utgangspunkt for ulike postar som kan hengjast opp med god avstand mellom seg, i nærleiken av treet/kyrkja. Desse finst i ferdige plakatmalar du kan skrive ut, laminere og henge opp.

## Moglege bruksmåtar:

- Oppfordre folk til å ta med pynt dei sjølve kan henge opp på juletreet, slik en del gjorde i samband med eit håps-tre i påska i år.
- Treet kan nyttast ved besøk av barnehagar/ skular som til dømes kan ta med seg pynt barna har laga.
- Ein kan lage laminerte kort med bibelvers eller salmevers som blir hengt opp på treet, med tanke på at folk kan ta dei med seg heim.
- Heng opp plakatar som forklarar kva julepynten symboliserer. Slik kan juletreet utanfor kyrkja formidle jula sin bodskap gjennom at dei som ser juletreet og julepynten også kan lese om kva dei ulike elementa i julepynten betyr.



## Stjerne

Stjerna i toppen av treet symboliserer stjerna over Betlehem som vismennene såg og følgde for å finne Jesus. Talet på spissar på stjerna kan ha ulik tyding: Ei stjerne med fire spissar minner om forma til ein kross. Ei stjerne med fem spissar blir kalla eit pentagram. Talet på spissar minner oss om Jesu fem sår på korset; i hendene, i føtene og i sida. Ei stjerne med seks spissar blir kalla eit heksagram. Dette er Davidstjerna.



## Engel

Visste du at englar som oftast seier «Frykt ikkje?» eller «Ver ikkje redd?» Det sa dei òg då dei fortalde gjetarane på Betlehemsmarkene at Jesus var fødd. Englane på juletreet minner oss om Guds nærvære også dei dagane vi er redde, og om den gode bodskapen «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren» (Luk 2,11).






### Julekule

Julekula ser ut som ein liten jordklode og minner oss om at vi er ein del av eit stort fellesskap med ansvar for alt liv på jorda. Vi veit at jorda på mange måtar er like skjør som dei skjøre kulene vi pyntar treet med. Vil du dele noko av det du har ved å gi ei gåve til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid?

### Vipps #2426




### Julelekkje

Vi høyrer saman slik dei ulike sirklane i ei julelekkje heng saman i kvarandre. Vi er ein del av den verdsvide kyrkja, og også ein del av Guds skaparverk saman med alt som lever på jorda. I denne tida blir vi minna om at vi treng kvarandre og at vi treng fellesskapet. Kven treng at du viser nestekjærleik?



### Lys

Jesus sa «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret, men ha livsens lys» (Joh 8,12). Han sa også «De er lyset i verda». Vi treng lyset, og særleg i mørketida. Å tenne lys er ein måte å be på. Lyset minner oss om at det finst håp. Kva vil du tenne eit lys for?



### Julekorg


For å flette ei julekorg treng ein to typar papir. Kva med å flette ei korg med raudt papir og avisapapir? Avisa frå ein av dagane dette året symboliserer verda vår, avisa kan symbolisere frykt, uro og alt vi strever med. Det raude papiret er kjærleiken si farge, og minner om at Guds kjærleik gjennomstrøymmer alt.

Slik kan du byggje ut


# Opa julekyrkje

utandørs i adventstida:

- Julekrubbeutstilling
- Musikk frå kyrkjetårnet
- Stand med utdeling av materiell til trusopplæringstiltak, som 4-års bok, 6-årsbok, Lys vaken-refleks eller liknande som ein kan kome og hente
- Bålpanne, bål
- Servering av kaffe/gløgg
- Vandringar på ulike tider, som skissert under delen om vandringar for skule/barnehage
- Lysteningsstad
- Sal av gravlykter



# Julaftan



Fleire stader vil gudstenesta bli feira i kyrkjerommet på julaftan, i tråd med lokale smittevernreglar. Der det ikkje let seg gjere å nytte kyrkjerommet kan det vere naudsynt å finne andre stader der ein kan samlast i tråd med lokale smittevernreglar. Mange kyrkjelydar har allereie greia ut om moglegheitene for å samlast til korte gudstenester utandørs på julaftan. Nokre stader vil ein feire gudsteneste på kyrkjebakken framføre eit opplyst kyrkjebygg. Andre stader tek ein i bruk ei utandørs scene. Dersom kyrkjelyden har ein fast stad der ein feirar friluftsgudsteneste, og denne staden er eigna for bruk i mørkret julaftan, kan ein vurdere å nytte denne staden.

- Fleire kyrkjer har gravplass og kyrkjegard som ligg i nærleiken av kyrkjebygget. Dersom ein feirar gudsteneste utandørs på slike stader må ein vere ekstra påpasseleg med å opptre sikkert og med verdigheit når ein er i nærleiken av gravminner og gravplassar. Dette bør både avklarast med lokale gravferdsmyndigheiter og sikrast med god kommunikasjon.
- Dersom ein veljer å feire gudsteneste utandørs bør uterommet opplyst og vere innbydande.
- Bruk gjerne rikeleg med fakkelpokar eller lykter, eventuelt dekorbelysing som høver til slik bruk, og ta i bruk juletre ute dersom det er mogleg. Der tilhøva ligg til rette for det kan ein bruke bålpanne eller liknande. Hugs godt brannvern.
- Det kan vere lurt å låne, leige eller kjøpe eit paviljong-telt ein kan setje opp for å skjerme medverkande, dersom det er behov for det.
- Å feire gudsteneste utandørs er krevjande med tanke på lyd. Ofte treng ein å bruke lydanlegg eller liknande. Dersom kyrkjelyden ikkje har eit eige lydanlegg kan ein samarbeide med kommunen eller andre organisasjonar om lån eller leige av dette. Her kan også friviljuge vere involvert.
- Å samle inn kollekt let seg ikkje gjere i desse tider. Ein må opplyse om korleis kyrkjelyden kan gi sin gåve via nettbank eller vipps.



# Forslag til forkorta liturgi for gudsteneste julaften

- 1. Musikk/allsong**  
– medan kyrkjelyden samlar seg  
*Der det er mogleg kan ein ringe kort  
med kyrkjeklokkene før gudstenesta  
tek til.*
- 2. Nådehelsing**
- 3. Inngangsord**
- 4. Samlingsbøn**
- 5. Salme**
- 6. Juleevangeliet blir lest**
- 7. Kort preike**
- 8. Salme**  
*(kan eventuelt utelatast)*
- 9. Forbøn**
- 10. Vår Far**
- 11. Salme**
- 12. Velsigning**
- 13. Utsending**

## Forslag til samlingsbøn julaften

**1.**  
Gode Gud.  
Du gav oss barnet i krubba  
i den heilage natta då englane song  
om frelse og fred på jorda.  
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre,  
takksame hjarte og tenande hender,  
så vi kan høyra ordet ditt,  
lovprisa deg for di miskunn,  
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.  
Amen.

*(Samlingsbøn med kyrkjeårsvariabelt ledd for julaften)*

**2.** (kun bokmål)  
Lovet være du, Gud,  
skjult i ditt evige lys,  
du som viste deg i barnet i Betlehem.  
Nå skinner lyset i mørket,  
nå ser vi din herlighet på jorden.  
Vi undrer oss og takker deg.

Herre, kom og fyll julen  
med liv og glede fra deg.  
La ditt ord og din Ånd bli i oss,  
så vi fylles av din fred  
og lovsynger din frelse,  
din Sønn, Jesus Kristus,  
fra evighet til evighet. Amen.

*(T. Holger Lissner, fra Norsk bønnebok)*

**3.**  
Kjære Jesus, du som vart eit barn.  
Vi kjem for å høyre forteljinga om hyrdane,  
om Maria og Josef og om englane.  
No vil også vi bli med til Betlehem  
for å helse deg velkomen.  
Du eigde alt, både himmel og jord,  
men du vart fattig,  
du vart fødd i ein stall.  
Lat oss få sjå himmellyset  
frå Betlehemsmarkene i kveld.  
Saman med barn og vaksne over heile verda  
vil vi stå rundt krubba di.  
Gud, vi bed i Jesu namn. Amen

# Forslag til forbøn julaftan

Forslaget til forbøn julaftan hentar fram element frå materialet elles i «Opa julekyrkje». I forbøna kan ein nytte eit lys, eit hjarte og ei julelekkje. Lyset kan tennast og hjartet og lekkja kan hengjast opp på juletreet eller på ei grein som er sett fram på alteret.




## Lys

Gud, du skapte lyset og såg at det var godt.  
Takk for den store glede,  
at du vart fødd som eit lite barn  
for å gi oss framtid og håp.  
Vi tenner lys i mørkret og bed om kraft  
til å leve som barn av lyset.  
Lat oss dele din kjærleik med kvarandre.  
Tenn håp for alle som kjenner smerte og er redde.  
Gi trøyst til dei som lever med sorg og sagn.  
Vi bed for alle som er ramma av pandemien,  
dei som ber på frykt, og dei som er åleine.

## Hjarte

Jesus, då englane song om fred på jorda  
gøymde mor di orda i hjarta.  
Takk for at du kom med fred og rettferd for oss alle.  
Vi bed om fred i alle hjarte og i alle heimar.  
Vi bed om fred mellom nasjonar og folkegrupper.  
Gi ly og vern til alle som lever i krig og er på flukt.  
Hjelp oss å kjempe mot urett,  
og lat gjestfridomens og kjærleikens ande  
få prege oss.



## Julelekkje

Heilage Ande, du svedde over vatnet  
då verda vart skapt.  
Takk for jorda vi bur på og for alt det skapte.  
Lær oss å ta vare på naturen  
og leve i respekt for skaparverket.  
Vi bed for di kyrkje både her kor vi bur  
og over heile verda.  
Lat stadig fleire få høyre  
den gode budskapen din for alle menneske.  
I denne tida treng vi kvarandre og fellesskapet.  
Hjelp oss å sjå at vi høyrer saman  
som julelekkjene på treet.  
Lat oss halde saman, sjølv om vi held avstand.

## Julebøn

Av biskop Kari Veiteberg

I lys av juleevangeliet,  
lat oss be om ei GOD JUL:  
...at dei mektige nasjonane  
ikkje utpiner fattige eller jagar dei bort  
...at inga ugift mor  
får oppleve å bli vist bort i vanære  
...at inga dør vert lukka  
framfor dei som treng å finne ho open  
...at gjetarar og sauer  
regnskog, luft og vatn ikkje treng å frykte  
...at vegsperringar, murar og sinte soldatar  
ikkje blir sett i Betlehem  
...at vise menn og vise kvinner  
vil dukke opp i Russland, Midtøsten og Etiopia  
...at barn blir haldne borte frå  
misbruk og mishandling  
...at denne jula må tilbedinga bli ved ei krybbe og  
kyrkja verte ein stall  
og ryktet blir verkelegheit:  
at Kristus har kome til oss og mellom oss  
Dette ber vi om i Jesu namn.  
Amen.

# Julaftan heime

Mange får ikkje gått på gudsteneste i kyrkja slik dei elles plar gjere på julaftan. Difor har vi laga eit lite hefte til bruk heime, som inneheld ei enkel bøn, juleevangeliet og salmeforslag. Heftet kan nyttast åleine eller saman med andre, og kyrkjelyden kan gjerne kopiere opp, dele ut og leggje det på nett.

## Fleire tips for advents- og juletida:

**Viktig informasjon om koronaviruset:**

[kyrkja.no/korona](https://kyrkja.no/korona)

**Saman lagar vi advents- og juleidébank for 2020:**

[kyrkja.no/jul2020](https://kyrkja.no/jul2020)

**Slik flettar du ei julekorg:**

[nrk.no/video/slik-lager-du-julekurver\\_87519](https://nrk.no/video/slik-lager-du-julekurver_87519)

og her

[unghusflid.no/filer/Julehjerter\\_oppskrift.pdf](https://unghusflid.no/filer/Julehjerter_oppskrift.pdf)

**Ressursar frå Kirkens Nødhjelp knytt til advent og jul:**

[kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/](https://kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/)

**Gode opplegg og idéar blir kontinuerleg**

**lagt ut på Ressursbanken:**

[ressursbanken.no](https://ressursbanken.no)

